

# Det er oppdaga hovudlus

Til foreldre/føresette

**Vi ønskjer å informere om at det er oppdaga hovudlus hjå nokre elevar i klassa. For å få bukt med problemet, ber vi dykk om å sjekke alle i husstanden så snart som mogeleg med lusekam. Berre dersom alle hjelper til, vil det vere mogeleg å bli kvitt hovudlus i nærmiljøet.**



Folkehelseinstituttet tilrår at barn blir sjekka for hovudlus minst ein gong i månaden. Ettersom vi no har lus i klassa, ønskjer vi at de sjekkar alle i husstanden minst ein gong i veka i fire veker.

## Korleis sjekka for hovudlus?

- Grei håret med ein lusekam (finst på apotek).
- Grei heile vegen fra hovudbotnen til hårspissane.
- Grei i vått hår, då det hemmar rørsla til lusa.
- Balsam kan brukast for å lette kjemminga.
- Tørk av kammen på eit papir eller handkle etter kvart drag og sjå etter lus. Når eventuelle lus i løpet av få minutt tørker, vil dei byrje å bevege seg.
- Greier du i tørt hår, blir det tilrådd å stå bøygd over eit kvitt handkle eller liknande. Då kan ein få auge på lus som fell ned frå håret.

Her finn du video om korleis ein lusesjekk kan gjerast: <https://vimeo.com/207788522>

## Fann du lus? Slik blir du kvitt hovudlus

Det er tre gode måtar:

- Behandling med lusemiddel (blir kjøpt på apotek). Middel som inneholder virkestoffet dimetikon blir tilrådd. Følg pakningvedlegget.
- Dagleg kjemming av håret med lusekam i 14 dagar. Sjå lenke til instruksjonsvideo ovenfor.
- Klippe håret kortare enn 0,5 cm.

## Nyttig å vite

- Barn som har hovudlus treng ikkje vere heime frå skule eller barnehage, men behandling bør komme i gang raskast mogleg.
- Hovudlus er ikkje farleg, men kan bli plagsamt for den som blir ramma. Nokon opplever kløe, medan andre ikkje gjer det.
- Hovudlus smittar ved hovud-til-hovud-kontakt, og ikkje via luar, kosedyr eller andre gjenstandar. Alle kan bli smitta av hovudlus, uavhengig av alder, hårtyp osb.
- Lus blir raskt svekt når dei er borte frå hovudet. Det er derfor ikkje nødvendig å vaske klede, møblar og bustad.

Meir informasjon om hovudlus, film, quiz og annan informasjon finst på [www.fhi.no/lus](http://www.fhi.no/lus)

Vi takkar for samarbeidet!

Med vennleg helsing

Teksten er utarbeidd av: